

Notat

## **Notat- orientering om oppfølging av vedtak om omsorgsbustader+ med kommunal forskottering og tilvisingsrett**

### **Bakgrunn**

Notat gjeld orientering om status for gjennomføring av kommunestyre sitt vedtak i mai 2022, om etablering av omsorgsbustader+ med kommunal forskottering og tilvisingsrett.

Føresetnaden for kommunal forskottering av omsorgsbustader og finansiering av prosjektet er basert på at ein mottek tilskot frå husbanken på 13 millionar. Det er i statsbudsjettet for 2023 føreslått å ikkje løyve nye tilsagn om tilskot til omsorgsbustader i 2023. Dette inneber at ein i 2023 ikkje vil kunne søkje om investeringstilskot frå husbanken, dersom statsbudsjett for 2023 blir vedtatt slik det ligg føre. Dette vil ha økonomiske konsekvensar for vidare arbeid og realisering av prosjektet.

Prosjektet og bufellesskapet er planlagt bygd på gbnr 322/82 i Mjåtveitmarka. Her er det gitt dispensasjon i 2021 frå reguleringsplankravet for å kunne føre opp bufellesskapet. Kommunen skal stå som byggherre av prosjektet med planlagt oppstart i 2023, og skal forskottere heile prosjektet i planleggingsfase og byggefase.

### **Status sidan vedtak**

Kommunen har vore i dialog med grunneigar av tomt kor det er planlagt å etablere bufellesskap. Kommunen er kome til einighet med grunneigar om pris og kjøpsavtale. Kjøpsavtale er ikkje signert.

Kommunen er i tett dialog med foreldregruppa som er initiativtakare til prosjektet, for utforming av samarbeidsavtale og projektering av bufellesskapet.

Dagens situasjon er at det ligg føre ein usikkerheit knytt til tilskot frå husbanken, som utgjer 13 millionar kroner av total finansiering for prosjektet. Dersom føreslått statsbudsjett blir vedteke, utan midlar til investeringstilskot i 2023, vil kommunedirektøren kome tilbake med ny politisk sak for avklaring av vidare prosess.